
Vår referanse	2021/16315-5
Dato	15.04.2021
Sakshandsamar	Endre Korsøen
Telefon	917 64 632
Epost	endre.korsoen@vlfk.no


Alver kommune

Lerøy Vest AS - Søknad om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad av 13.04.2021 frå Lerøy Vest AS om utvida arealbruk for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13209 Bognøy i Alver kommune.

Noverande anlegg på lokaliteten består eit kompakt stålanlegg med fire bur på 25 x 36 meter med føringsanlegg plassert på land.

Selskapet søker no om å erstatte stålanlegget med eit meir framtidsretta anlegg bestående av tre 160 meter ringar på rekkje i rammefortøyning med 80 x 80 meter ramme. Det vert samtidig søkt om å leggja ein flåte i aust, som kan føra alle merdane, slik som vist i kartet under.



Lokalitet 13209 Bognøy er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 1560 tonn.

Noverande anleggsplasseringa vart godkjent etter akvakulturregelverket 11.01.2011. Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse for anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 1560 tonn.

I kommuneplan for Radøy ligg omsøkt areal for ny plassering av akvakulturanlegget og førflåten i område avsett til akvakultur. Fortøyningane til anlegget og førflåten vil delvis gå inn i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplan for Radøy og kommuneplan for Meland. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøyning av anlegg for akvakultur.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 8 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utregreingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndigheitene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Vestland fylkeskommune ber om at Alver kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentleg ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentleg ettersyn og kommunen si handsaming av saka ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd (jf. *Forskrift om samordning og tidsfristar i handsaming av akvakultursøknader § 4*). Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Lerøy Vest AS

Saksgangen i søknader om klarering av akvakulturlokalitet:

